

# Samfunnsliv

15. august 1990

## Myten om Elverumsfullmakten

I Dagbladet stiller Arnfinn Moland 2/7 spørsmål om mytane om 1940: «Vil dei overleve?» og vidare: «Vår desidert kunnskapsrikaste person på dette felt av norsk historie, professor Magne Skodvin, har i meir enn ein generasjon vore folkeopplysar i temaet «forspelet til 9. april».

I eit program i radioen om kvelden 8. april i år hevda Skodvin at då det ikkje kom noe motlegg til Hambros forslag om den såkalla Elverumsfullmakta, var dermed Hambros framlegg godtatt av Stortinget. — Det Skodvin ikkje nemner, er at på Elverumsmøtet kom Hambro med to framlegg, og at det berre var til det første framlegget det ikkje kom motlegg, mens det i røynda er det andre framlegget folk har oppfatta som Elverumsfullmakta.

Den «fullmakta» som eksilregjeringa bygde sine vedtak på, lydde slik: «Storingsvedtak (på Elverum) som enstemmig gir regjeringen fullmakt til å gjøre alle de vedtak som er påkrevd for å ivareta rikets interesser inntil Stortinget — etter samråd mellom regjering og presidentskapet — kan bli sammenkalt på ny.»

Uttrykket «enstemmig» gjeld den

første Elverumsfullmakta, dvs. val av og fullmakt til tre medlemmer som skulle forhandle med tyskarane, og vedtak om at regjeringa skulle supplerast med tre konsultative statsrådar. Dette «enstemmig» er så blitt putta inn i det andre framlegget, som heilt til i dag er blitt kalla Elverumsfullmakta. Her noen små klipp fra møtet på Elverum:

«Presidenten foreslår: Stortinget bemyndiger regjeringen til, inntil det tidspunkt kommer da regjering og Stortingets presidentskap etter konferanse innkaller Stortinget til neste ordinære møte, å ivareta rikets interesser og treffe de avgjørelser og beføielser på Stortingets og regjeringens vegne, som ansees for påkrevet av hensyn til landets sikkerhet og fremtid.»

Då presidenten fekk motlegg, forklarte han denne fullmakta slik: «Stortinget bekrefter alene ved sin beslutning den generelle adgang til å gi provisoriske anordninger...» Til dette svarte representanten Ingvald Førre m.a.: «Hvis regjeringen har den fullmakt, behøver den ikke en ny.»

Etter dette ba ikkje stortingspresidenten om avrøysting, og eit framlegg som blir motlagt, kan jo ikkje bli vedtatt utan avrøysting, og

slett ikkje «enstemmig».

I ein artikkel i Andøya Avis skriv stortingsmann Ingvald Førre 14/8 1959 om denne Elverumsfullmakta, der han nemner at «noen votering blev ikke foretatt». Siste avsnitt av artikkelen lyder slik:

«Da Stortinget tråtte sammen etter krigen, fikk vi alle (som regel under alle forhold) de stenografiske referater til godkjenning. Og det viste seg at stenografene hadde referert oss korrekt, og de ble godkjent til å trykkes i Stortingstidende. Og da de ble oversendt oss, var referatene helt korrekte. Imidlertid hadde jeg utlånt det nr. av Stortingstidende som omfattet møtet på Elverum, hvorfor jeg skrev til en stortingsmann og bad ham besørge meg tilsendt Stortingstidende, den del som angikk Elverumsmøtet. Og jeg fikk noe som liknet disse bladene. Men til min store forbauselse ser jeg at referatet er omarbeidet. Mine uttalelser er omskrevet og forkortet. Og så heter det, at da der ikke fremkom innsigelser, anses herr Hambros forslag som vedtatt. Imidlertid står det fast, at det virkelige Stortingstidende (hvis det da ikke er omarbeidet siden) inneholder intet om at der er foretatt noen votering.»

Når det gjeld mytane om Elve-

rumfullmakta, må ein i alle fall kunne slå fast at stortingsmann Førre ikkje er noen myte. Han var jo sjølv med på møtet, og må såleis ha førstehands kunnskap om kva som blei sagt og gjort på Elverum.

I det siste avsnittet av artikkelen sin nemner Førre ein detalj som kastar nytt lys over etterspelet til 9. april, at vår historie i denne samanhengen er blitt både «om-

skrevet og forkortet».

Olav Steinsøygard

Tillegg til Elverumsvedtaket fra 1940:

Kristi sosiologiske grunnprinsipp er dette: Tilgi dem for de de gjør! Og dommen finnes i den sosiologiske bemerkning som er utkrystallisert i Luk. 19, 42-43.

A.F.

Samfunnsliv  
15. august  
1990.

107596